

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnent. 12

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Helleland.

Emne: Gamal engkultur.

Bygdelag: Helleland

Oppskr. av: Th. Hovland

Gard: Hovland

(adresse): Helleland.

G.nr. 30 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Oppskrve etter eiga röynsle.

## SVAR

1. Eng kalla ein det som låg innafor bögarden, utslått det som låg utanfor. Ekre og attlega er brukta her. Dei two namna tyder det same: grasmark, som tidlegare har vore open åker og er attlagd til eng. (Motsett naturleg eng.). Ein brukta namna tjukkeng og småeng. Stort og grovt höy kalla ein langhöy, smått og kort höy kalla ein stutthöy. Der var ikkje noko særnemninga for dei ymse slag utslått. Stuttorv har ikkje vor nemnande i bruk her, berre langorv.
2. Rydjing av eng og utslätter kalla ein å rö vodl. Det ihopraka avfallet heitte rödunje. Det vart anten brend eller tömd i ei ur eller eit vatn eller ei å. Oska nyttja ein til gjödsel på enga.
3. Oska strödde ein helst på mosegrodd eng. Grassfösåing kjende ein ikkje til i tida för skiftebruket, korkje i åker eller tunn eng.
4. På vassjuk jord brukta dei opne gröfter i eldre tid. Vatning har det mest ikkje vore tale om her.

5. Enga vart gjödsla med vintergjödsel so langt denne rakk. Men åkeren måtte gå først, og då vart det lite eller inkje att til enga. Utslätter vart aldreg gjödsla i gamal tid . Til enggjödsling rekna ein sauegjösla sers tenleg . Mengda av gjödsel til kvart stykke gjekk etter skyn .

6. Nei.

7. Ein lagde gjerne fjoset slik at visse engstykke skulle få godt av hevdasiget, og ein grov gjerne små grefter for å leida dette utover. Eit Sovore engstykke kalla ein "ei tunsèga". ( Eit stykke grasmark elles som ligg i hall, der det sig vatn ovanfrå kallar ein her " ei sèga"). Ein tok også omsyn til at gjödsla på åkrane kunde koma enga ikring noko tilgode. Og korleids no åkeren låg , so verka altid gjödsla på åkeren noko ikring seg, so det vart meir gras rundt om denne enn på jorde elles. Åkerreinane var altid tjukkare ( meir gras på) enn vollen elles. Og i gamal tid ( for 100 år sidan) kalla dei langhöiet " reinehöi". Frå fyrst av hadde dei ikkje anna langhöi enn det som vaks på åkerreinane.

8. Gjödslinga gjekk altid före seg om våren. Men ein köyrede mykje av gjödsla ut på vinterføret og la ho i store haugar, som vart godt tiltrakka, forma som ei såte og slett tilklappa, so vatnet skulde reka av. Til arbeidet med gjödsla brukta ein dei sam reidskap både til åker og til eng. Lessegreipane var heimasmidde, store og tunge. Til spreiding av gjödsla brukta ein

ganske små greip med flathamra stutte tindar. Dette var også heimesmidde ting. Dei gamle reidskap var i bruk til ikring 1880 åra, mange stader endå lenger. Etter kvart kom det lette moderne greip, og då brukta ein desse både til lessing og til spreiding av gjödsla.

9. Med beitinga var det slik at storfeet beita både utslåttene og enga utover hausten, so lenge det var mat å finna. Småfeet beita i utslåttene og på enga frå seinhaustes til uti mitten av mai. Dette vart ikkje gjord med tanke på gjödsla, men for å kunna fö over vinteren det størst mogelege antal dyr, so ein fekk nytta ut marka- og heiebeitene om sumaren. Småfeet( smalen) gjeng her ute heile vinteren, sosandt det ikkje er so mykje snö at alt er tildekt. Ein reknar med at smalen har berre godt av det på same tid som det sparar på inneforet. All eng vart beita i eldre tid.

10. No er det ikkje onnor beiting av enga enn håbeiting om hausten. Det kan henda at ein slepper nokre lamsauer innpå for ei lita tid um våren, men det er helst lite av det no. Dette ømskifte med beitinga har ikkje gjenge brått, det har kome litt etterkvart gjennom dei sisste 50 åra.

11. Gjödsla etter beitedyra vart nokk spreidd litt her og der, men sovidt eg veit, var dette berre undtaksvise. Nokon serskild reidskap til dette har eg aldreg haurt gjete.

12. Det var so ymse med overnattinga. Låg beite noko nær inn til garden jaga dei krötra inn i heimefjoset. Var beite lenger burte hadde dei til dels små sumarfjos, der

- dei hadde dyra inn , mens dei vart mjölka , til dels låg buskapen berre ute og vart sanka til mjölkning morgon og kveld. Súmarfjosgjödsel vart det soleids lite av og ein ansa ikkje mykje på denne. Noko nemnande bruk av den vart det ikkje gjort. Det var skjeldan meir enn eit sumarfjos på kvar gard. Enkelte stader var det ei liti innhegning
13. av gråstein, der dei jaga buskapen ind til mjölkning. Dette kalla dei " ei lega". Flyttbare innhegningar har eg aldreg höyrt tale om her.
14. Fell burt.
- 15, 16, 17 likeeins.
18. Nei
19. Av desse nemningar er det berre stöl som er kjend her.  
 Med stöl meinar ein ein stad med hus eller ei bu for folk og eit fjos eller ei lega for dyra, der folk låg med buskapen ei tid um sumaren. Men noko slik stölsdrift har det aldreg vore her, so lenge nokon nolevande hugsar. Det fins likevel nokre gamle nemn, som tyder på at det på einskilde stader kan ha vore eit slag stölsdrift i utgamal tid. Me har soleids garden Stölen og Stöla, og me har stadsnamn i utmarkene som Stölsfjellet, Stölslegå, Stöladalen.
20. Sjå nr. 19.
21. Nei.

Rog  
Helleland  
KULTURGEOGRAFISK REGISTRERING  
PÅ VESTLANDET


Th. Hovland

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING  
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM  
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje slvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det?



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruks fiskebein og fiskehovud til brensel? *Nei.*

Har ein brukar kumøkk til brensel? *Nei.*

3865